


Flatene skule

«Saman skapar vi trivsel og kunnskap»



Dagens organisering

Elevtalsutvikling og kapasitetsutnytting



	23/24	28/29	43/44	Endring
Elevtal	232	215	182	-50
Kapasitet	330			
Kapasitetsutnytting i prosent	70,3%	65%	55,2%	
Ledig kapasitet	98			
Gjennomsnittleg klassestorleik	19,3			
Gruppestørrelse 1.-4. (Norm 15)	14,9			
Gruppestørrelse 5.-7. (Norm 20)	14,1			
Barn i SFO	150 av 176 som utgjer 85%			




Vedlegg 4
Bemanning

Lærarårsverk	22
Leiingsressurs årsverk	1,6
Snittalder	39
Kompetansebehov - kva manglar vi?	Det er stor mangel på spes.ped-kompetanse. Vil også ha behov for kompetanse innafor kunst og handverk, musikk og engelsk.

Økonomi

Rekneskap 2022	kr 23 302 949
Budsjett 2023	kr 28 630 819
Rekneskap 2023	kr 28 952 968
Budsjett 23 utan SFO	kr 25 287 893
Rekneskap 23 utan SFO	kr 26 092 294
Rekneskap 23 utan SFO pr. elev	kr 112 467



Tilbod og utvikling i skulekrinsen

Barnehagar i skulekrinsen	Då dette er ein «sentrumsskule» vil det vere ei rekke barnehagar som har barn frå skulekrinsen.
Tilknyting til andre tenestetilbod	Har kort veg til dei fleste servicetilbod i Førde sentrum.
Bustad og næring	Flatene er ein sentrumsskule, og det er utvikling både innafor bustad og næringsslivet i Førde.

Bygningsmasse

Byggjeår	1997
Bruksareal	4181
Teknisk stand /oppgraderingbehov	God bygningsteknisk tilstand. Har byta ut store delar av vindauge og dører, samt montering av LED-belysning. Investert i nytt bergvarmepumpesystem.

Andre forhold

Avstand til Halbrend skule	2,2 km med bil, 500 meter til fots.
Forhold ved skulevegen	Smal og bratt veg opp til skulen. På vinteren når det er spesielt utfordrande føre, kører ikkje bussen opp til skulen, og ein tilsett frå skulen hentar elevane ved Halbrend. Dette vert opplevd som uproblematisk.
Særegne forhold ved skulen	Skulen sin bygningsmasse er unik ved at det er eitt «hus» for kvart klassesteg. Bygningsmassen, saman med godt tilrettelagt uteområde, gjer skulen godt tilrettelagt for barneskule.



Tilbakemeldingar frå foreldre, tilsette og andre interessentar

Det pedagogiske tilbodet

Dette er vi tilfreds med

- Skulen har kompetente tilsette.
- Eit uteområde som inviterer til fysisk aktiv læring, fremjar mangfaldig aktivitet og gir ein god overgang frå barnehage til skule.
- Høg trivsel blant både tilsette og elevar, og stabilitet i personalgruppa.
- Gode faglege resultat.
- Skulen er bygd for sambruk mellom skule og SFO – gir god organisering av elevane.
- Byggutforming og -organiseringa er ein stor fordel i det pedagogiske arbeidet, og er optimalt tilpassa dei yngste elevane.
- SFO er godt integrert med skulen, er alderstilpassa og har gode romløysingar.

Forbetningsområde

- Behov for større lærartettleik og utvida kompetanse.
- Forbedra informasjonsflyt frå barnehagen ved skulestart for å sikre ein god overgang for elevane.
- Fleire lærarar og ressursar generelt for alle skular for å møte behovet for tidleg innsats.

Organisasjonsmessige forhold

Dette er vi tilfreds med

- Effektiv organisering av skulen som gjev trygge rammer, spesielt for dei yngste.
- Godt samarbeid med foreldra og ei fungerande fadderordning.
- Høveleg elevtal til dei fysiske vilkåra ved skulen.
- Lågt aldersspenn i elevflokken gjev trygge rammer for dei minste.

Forbetningsområder

- Ønskjer mindre grupper på 1. – 4.årssteg.
- For låg lærardekning til å kunne praktisere tidleg innsats.
- Betre system for tildeling av ressursar.
- Sjå på organiseringa av det spesialpedagogiske arbeidet for å betre tilrettelegginga og oppfølginga.

Skulen i lokalsamfunnet

Dette er vi tilfreds med

- Skulen som eit viktig samlingspunkt for lokalsamfunnet og ein trygg stad for barna å leike.
- Skulen bidrar til tilflytting og gir barna sterkt tilhøyrslle til skulen og lokalmiljøet.
- Utleige av gymsalen og bruk av skulebygget til lokale arrangement som styrkar lokalsamfunnet.

Forbetningsområder

- Invitere lokalsamfunnet inn på skulen gjennom fleire foreldrekveldar, SFO-kafear og eldrekafear.
- Ved strukturendringar, ta omsyn til at skulen er spesialbygd for 1.-4.klasse og bør ikkje stå ubrukt.



Vedlegg 4

- Det må vere trygg skuleveg.

Generelle tiltak for å oppretthalde kvaliteten ved redusert elevtal:

- Vanskeleg å kutte økonomisk i skulen i Sunnfjord kommune utan å gjere strukturelle grep.
- Vurdere å justere skulegrenser for å bevare skular som Flatene og Halbrend, og vurdere alternative bruk av Hafstad VGS.
- Sikre at midlar til tidleg innsats faktisk vert nytta der dei er mest nødvendige for å halde på høg kvalitet i skuletilbodet.

Prosjektgruppa si oppsummering Flatene skule

No-situasjonen

Flatene skule står overfor ein nedgang i elevtalet, men har høg kapasitetsutnytting i dag. Skulen har stabilt personale med god kompetanse. Det er eit uttrykt behov for meir kompetanse innan spesialpedagogikk, kunst og handverk, musikk og engelsk.

Foreldre og tilsette verdset skulen si evne til å legge til rette for aktiv læring og trivsel. Skulebygget er spesielt utforma for elevar i småskulen, og har kvalitetar som tilsette verdsett høgt.

Skulen er godt utrusta for dei yngste elevane og integrerer SFO godt i skolemiljøet. Det er likevel ytra ynskje om fleire ressursar for å styrke tidleg innsats.

Organiseringa støttar elevane godt, særleg dei yngste, og skulen har eit nært samarbeid med foreldra. Skulen fungerer som eit samlingspunkt i lokalsamfunnet, med gymsal og andre fasilitetar til utelege, og bidrar til tilflytting og samhald.

Det er utfordringar knytt til støttetenester som PPT og helsejukepleiar, kor det er behov for meir ressursar og betre samarbeid.

Kva kan dette bety for skulen i framtida

Pedagogisk

- Framtida kan by på utfordringar i å oppretthalde og vidareutvikle den pedagogiske kvaliteten, særleg med tanke på kompetansebehov og rekruttering. Med ein nedgang i elevtal, kan det bli nødvendig å vurdere organiseringa av undervisninga for å tilpasse seg dei nye realitetane.
- Som på dei fleste skular med 1.-4. steg kan det bli krevjande å få tak i kompetent personell på Flatene skule, dersom rekrutteringssituasjonen i Sunnfjord kommune held fram slik utviklinga har vore. Dette har samanheng med at færre tek grunnskulelærarutdanning for 1.-7., som gjer til at det er vanskeleg å hente inn ny kompetanse på området. Dette kjem i tillegg til generell nedgang i tal studentar på lærarutdanningane.

Organisering

- I dag er det 12 klassegrupper på Flatene. Om ein held på som i dag vil ein truleg få redusert tal klassegrupper ned mot 9 klassar.
- Dette vil igjen føre til reduserte ressursar knytt til støttetenester, leiing og andre ressursar i rammefordelinga.





Vedlegg 4

Strukturelle endringar

- Dersom det skal vurderast strukturelle endringar ved Flatene skule bør ein sjå på krinsgrensene og kva moglegheiter som er knytt til Halbrend skule, fordeling av klassetrinn og eventuell samanslåing.
- Etablering av oppveksttun er òg eit alternativ, då reduserte barnetal også vil påverke barnehagesektoren. På denne måten kunne ein sikra eit lokalt tilbod for dei minste elevane 1.-4. i samdrift med barnehagen i dagens skulebygg.

For utfyllande detaljar sjå innspelet på ([Lenke til websak-postlista](#))